



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 19.08.2015  
Vår ref.: 2015/6750-5  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.: «REF»

## Fråsegn til oppstart av detaljreguleringsplan, Dalane - Lindås kommune.

Vi viser til brev datert 24.06.2015 om oppstart av detaljregulering for Dalane, gnr. 108, brn.1, Lindås kommune. Hovudføremålet med planarbeidet er bustader. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløser krav om konsekvensutgreiling.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering og innspele

I det vidare planarbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Kulturminne og kulturmiljø
- Landskap
- Senterstruktur

#### Meir om barn og unge

Planlegginga skal ta vare på barn og unges interesser og sikre gode og trygge oppvekstvilkår. Å sikre tilkomst til grøntareal, friluftsområde og grønnstruktur må bli vektlagt i alt planarbeid. Ved utbygging av bustader er det viktig at uteoppenthaltsareal og areal til leik vert sikra. Areala må være store nok og egne seg for leik og opphold, for barn i ulike aldersgrupper til ulike årstider. Vi ber om at ein har omsyn til dette i prosessen vidare.

### Senterstruktur

Planområdet ligg nær senterområdet på Lindås. For å leggje tilrette for at bustadområde ikkje skal verte bilbaserte må det være eit godt tilbod for mjuke trafikantar mellom bustadene og nærmeste senterområde, og busstopp med god frekvens. Vi ber om at planmaterialet beskriv korleis planområdet er knytt til senterområdet, gangavstand til nærmeste busstopp med frekvent busstilbod, og trafikksikker skuleveg.

### Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatiskt freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka på noverande stadium i planprosessen, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel, universell utforming og senterstruktur

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planeksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

